


Sosiale foster

Ufødde viser teikn på oppførsel retta mot andre allereie i fjortande svangerskapsveke.



ILLUSTRASJON: ODA WALLE

Forskarlaget til Umberto Castiello nytta naturen sitt eige eksperiment, i form av einægga tvillingfoster. Ved firedimensjonal ultralydskanning (3D og endringar i tid) av fem kvinner gravide med tvillingar, fann dei at dei ufødde styrte armene mot kvarandre allereie 14 veker ut i svangerskapen. Ved 18 veker auka desse sosiale gestane til 29 prosent av alle observerte rørsler. Fosterne sine bevegelser retta mot seg sjølv, minka parallelt.

Måten rørsle som var retta mot hovudet og ryggen til den andre blei utført på, skilte seg klart frå andre rørsler – mot livmorveggen eller eigen kropp. Dei sosiale bevegelsane varte lenger og likna meir på rørsler orientert mot eigne auge. Dette tyder på at fosterne har ei slags oppleving av at det er noko særskilt med tvillingen.

Vidare forskning kan kanskje avdekka samanhengar mellom sosial åtferd i i fosterlivet og seinare utviklingsforstyrningar, skriv BPS Research digest blog.

Kjelde: Castiello, U. et al. (2010). Wired to Be Social: The Ontogeny of Human Interaction. *Public Library of Science ONE*, 5(10).